Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 19/149397-6 | | 03.09.2019 |

## Uttale - Dispensasjon - Fv. 5452 (tidl. fv. 391) - Gnr. 203 bnr. 41 - Hjelmås - Lindås kommune

Statens vegvesen viser til brev mottatt 06.08.2019. Frist for uttale er fire veker.

**Kva saka gjeld:**
Det er søkt om eit tilbygg på 11 $m^2$ på nordsida av eksisterande fritidsbustad på gnr. 203 bnr. 41 i Lindås kommune. Tilbygget skal innreiast til soverom.

Eigedomen er uregulert og avsett til LNF-spreidd jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås.

**Uttale:**
Arealdelen av kommuneplan for Lindås har eigne føresegner om byggjegrense langs veg jf. 1. *Generelle føresegner og retningsliner. Pkt. 1.6.* Kommunen har vedtatt ei byggjegrense langs vegen på 15 m.

Det kjem av veglova § 34 at «*Når byggverk eller anna innretning som nemnd i §§ 30 eller 32, heilt eller delvis ligg eller er plassert i strid med denne lova eller med føresegner gitt i denne lova, må byggverket eller innreiinga ikkje utan særskild løyve på nokon måte endrast slik at byggverket eller innretninga vert meir i strid med lova*». Det vil seie at tiltaket krev dispensasjon frå byggjegrensa sjølv om omsøkte tilbygg ligg utanfor byggjegrensa.

Fylkesvegen er svært smal og har dårleg standard på denne strekninga. På sikt kan det vere aktuelt å utbetre strekninga og rette ut kurver. Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og har låg årsdøgertrafikk på 200 køyretøy. Det er ikkje registrert støy jf. våre støyvarslingskart.

Fritidsbustaden ligg i dag 8 meter frå vegmidte. Vi rår til vanleg i frå å etablere tiltak nærare enn 15 meter frå vegmidte. Dette er på grunn av ulempene det medfører å bygge nære vegen. Omsøkt tilbygg ligg på vestsida av bygget, vekk frå fylkesvegen.

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden har vi ikkje vesentlege merknader til omsøkte tiltak.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeleiar

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*